

VEDLEGG



Statsråden

Energi- og miljøkomiteen
Stortinget
0026 OSLO

Deres ref

Vår ref

Dato

20/871-

11. mars 2020

Svar til representantforslag 77 S (2019-2020) om ein effektiv forvaltning av ulvebestanden i tråd med bestandsmålet

Eg viser til brev frå energi- og miljøkomiteen 3. mars 2020 der komiteen sende over representantforslag 77 S (2019-2020) til utgreiing m.m. med svarfrist 10. mars 2020.

Under følgjer mine vurderingar knytt til dei sju forslaga i representantforslaget.

Forslag 1

"Stortinget ber regjeringen snarest, og senest innen utgangen av april 2020 komme tilbake til Stortinget med et konkret forslag til endringer i naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav c, som uttømmer handlingsrommet etter Bernkonvensjonen for å ta hensyn til andre offentlige interesser av vesentlig betydning, herunder en klar forståelse av at å føre en forvaltning av ulv i tråd med Stortings fastsatte bestandsmål er en slik offentlig interesse."

Først vil eg understreke at vi jobbar for å nå dei ulike bestandsmåla, slik Stortinget ønskjer at vi skal. Vi ligg over bestandsmåla for ulv og jerv, og vi ligg under måla for bjørn og gaupe. Bestandsituasjonen er eit av fleire viktige moment i vurderingane av kvoter for jakt og felling av rovdyr. Bestandsmåla kan likevel ikkje åleine vere styrande for politikken og forvaltninga av rovvilt. Det følgjer av naturmangfaldlova Stortinget har vedteke, som gjennomfører Bernkonvensjonen i norsk rett. Ser ein til dei dokumenta Stortinget har blitt førelagt dei seinare åra, som til dømes stortingsmeldinga om ulv i 2016, har Klima- og miljødepartementet vore klar på dette. At forvaltninga skal skje innanfor dei juridiske rammene i naturmangfaldlova og Bernkonvensjonen går òg tydeleg fram av vedtaka i Stortinget.

Eg vil i denne samanheng også vise til Prop. 63 L (2016-2017) *Endringer i naturmangfoldloven (felling av ulv m.m.)* som Klima- og miljødepartementet la fram for Stortinget våren 2017. I lovproposisjonen er mellom anna juridiske betraktingar av handlingsrommet for felling av ulv som følgjer av naturmangfaldlova og Bernkonvensjonen lagt fram. Det vart òg lagt fram eit konkret forslag om ei mogleg endring av naturmangfaldlova, innanfor rammene av Bernkonvensjonen, som kunne gi noko større fleksibilitet i forvaltninga av ulv. Lovforslaget blei ikkje vedteke av Stortinget. Eg har vanskeleg for sjå at det er ytterlegare handlingsrom for endringar innanfor rammene av Bernkonvensjonen.

Eg viser til at vi no er i ein situasjon der handlingsrommet for felling av ulv er gjenstand for rettsleg prøving i domstolane. Borgarting lagmannsrett har slått fast at det juridiske handlingsrommet er mindre enn det Klima- og miljødepartementet har lagt til grunn i sine vedtak om felling av ulv utanfor ulvesonen. Eg har anka denne dommen til Högsterett. Dette meiner eg er riktig fordi vi treng ei rettsleg avklaring om handlingsrommet for felling av ulv etter naturmangfaldlova, Bernkonvensjonen og Stortings vedtak.

Forslag 2

"Stortinget ber regjeringen senest i august 2020 legge frem en gjennomgang av skadepotensialet på beitedyr begått av ulv fra ulvesonen, herunder betydningen dette kan ha for å fatte fellingsvedtak etter Naturmangfoldloven § 18 første ledd bokstav b. Landbruksdirektoratet og Norsk institutt for bioøkonomi involveres i arbeidet."

Det er få viltbestandar i verda som er betre kartlagt og som ein har meir kunnskap om enn den skandinaviske ulvebestanden. Det blir gjort eit omfattande arbeid med snøsporing, DNA-analysar, radiomerking og forsking, og kunnskapen er òg lagt fram for Stortinget mellom anna i stortingsmeldinga frå 2016.

Kva for skadepotensial ulv frå ulvesona representerer for beitedyr utanfor ulvesona var eit tema i 2017, i samanheng med diskusjonane om kva for skadepotensial ulvane i revira Slettås, Julussa og Osdalen representerte. Eit større tal ulv vart radiomerka, og resultata bekrefta det Klima- og miljødepartementet hadde sagt tidlegare om eit lågt skadepotensial. Ingen av dei radiomerka ulvane gjorde skade på beitedyr utanfor ulvesona. I 2017 la Högskolen i Innlandet også fram ein ny rapport (*Ulv som skadegjører på bufe, tamrein og hund i Norge: skadehistorikk og skadepotensiale i forhold til ulvens spredningsmønster*) med ein grundig gjennomgang av kunnskapen på dette området. I rapporten er det mellom anna gjort greie for kunnskapen om kva for skadepotensial ulv i ulvesona representerer for beitedyr utanfor ulvesona.

Eg meiner det vil vere lite hensiktmessig å setje i gang ein ny stor gjennomgang innanfor eit område der det allereie føreligg særskilt solid kunnskap. Samstundes vil eg understreke at vi heile vegen får oppdatert kunnskap frå dei omfattande kartleggingane som fortløpende blir gjennomført og frå forskinga innanfor fagfeltet. Forvaltninga har ei dynamisk tilnærming til dette og legg best tilgjengeleg kunnskap til grunn for vurderingar av felling m.m.

Forslag 3

"Stortinget ber regjeringen snarest og senest innen august 2020 legge frem et forslag om å innskrenke det samlede forvaltningsområdet for ulv med 20 pst., samt en vurdering av hvilke områder som bør tas ut og konsekvenser dette kan ha for mulighetene for å forvalte bestandsmålet."

Storleiken på ulvesona, eller spørsmålet om ein i det heile tatt skal ha ei ulvesone, er også eit tema som relativt nyleg vart grundig vurdert og lagt fram for Stortinget, jf. Meld. St. 21 (2015-2016) *Ulv i norsk natur*. I meldinga vart fleire alternative avgrensingar, og fordelar og ulemper med desse, diskutert. Eg har vanskeleg for å sjå at det har skjedd vesentlege endringar frå 2016. Eg meiner difor det ikkje vil vere hensiktsmessig å setje i gang ein ny stor gjennomgang av dette temaet no.

Forslag 4

"Stortinget ber regjeringen endre bestemmelsene for lisensfellingsperiode for ulv slik at det ikke differensieres mellom områder i og utenfor ulvesonen. Lengden for lisensfellingsperioden utenfor ulvesonen skal legges til grunn."

Ved handsaming av Meld. St. 21 (2015-2016) *Ulv i norsk natur* bad Stortinget regjeringa gjere ei ny vurdering av lisensfellingsperioden for ulv. Det har vi fylgt opp, og i mars 2019 vart lisensfellingsperioden for ulv utanfor ulvesona endra frå 1. oktober – 31. mars til 1. desember – 31. mai.

Endringa er grunngjeve med to hovudomsyn. På den eine sida vart lisensfellingsperioden utvida om våren for å få ei lengre periode med lisensfelling på vårsnø i framkant av beitesesongen for sau. Samstundes vart starten av perioden utsett til 1. desember av omsyn til å redusere risikoen for utilsikta felling av genetisk verdifulle ulvar. Kunnskapen viser at slike finskrussiske ulvar oftast kjem inn i våre områder om hausten, og av omsyn til det høge innavlsnivået er det viktig å skjerme slike individ frå felling så langt det er mogleg.

Grunngjevinga for at vi har ei kortare lisensfellingsperiode innanfor ulvesona er av omsyn til ulvekvalpane si overleving, altså biologiske faktorar. Innanfor ulvesona skal ulven yngle regelmessig, og det må tas omsyn til kvalpane si overleving i ei slik sone. Om ein startar lisensfellinga for tidleg om hausten vil kvalpane ikkje overleve dersom foreldredyra blir skotne. Om ein driv lisensfelling om ettervinteren og våren risikerer ein at drektige ulvetisper blir åleine og ute av stand til å ta vare på seg sjølv og kvalpane dersom far til kvalpane blir skoten. I denne samanhengen vil eg også leggje til at det er vanskeleg å sjå at det er eit reelt behov for utviding av lisensfellingsperioden innanfor ulvesona. Erfaringa dei to siste åra viser at lisensfellinga av ulvane i dei to ulverevira Slettås og Letjenna vart gjennomført svært raskt, og i løpet av fyrste dag av lisensfellingsperioden.

Dei same biologiske faktorane gjeld naturlegvis også utanfor ulvesona, men fordi vi har så høg kvalitet på overvakninga av ulvebestanden meiner eg det er etisk forsvarleg å opne for ei

lenger lisensfellingsperiode utanfor ulvesona. Om ulv skulle yngle utanfor ulvesona vil dei med største sannsyn fangast opp gjennom bestandsovervakinga, og vi kan ta omsyn til det i den praktiske forvaltninga.

Eg ser ikkje faglege haldepunkt for å gjere ei ny vurdering av lisensfellingsperioden for ulv no, og eg vurderer det ikkje som aktuelt å forlenge lisensfellingsperioden innanfor ulvesona slik at den blir tilsvarende som utanfor ulvesona.

Forslag 5

"Stortinget ber regjeringen gi rovviltnemndene full instruksjonsmyndighet over egne sekretariat."

Rovviltnemndene har i dag full instruksjonsmynde over sekretariata. Nemndene kan for eksempel be om opplysningar og få fagleg hjelp til utforming av vedtak. Sekretariata har samtidig både rett og plikt til å leggje fram alle relevante opplysningar om sakene som er til behandling. Eg meiner det er særskilt viktig at nemndene har eit solid fagleg sekretariat, som legg fram eit politisk uavhengig og fagleg godt grunnlag for dei ulike sakene, før nemndene tek sine avgjerder. Ettersom rovviltnemndene allereie har instruksjonsmynde over eiga sekretariat, er eg difor usikker på kva som konkret ligg i forslaget.

Forslag 6

"Stortinget ber regjeringen klargjøre rovviltnemndenes ansvar for å tilstrekkelig begrunne fellingsgrunnlag og lovanvendelse i hvert enkeltstående fellingsvedtak."

Dette er ein naturleg del av den eksisterande styringsdialogen med rovviltnemndene, og noko eg fortløpende følgjer opp. Som eg har opplyst Stortinget om tidlegare, bad Klima- og miljødepartementet også særskilt om at dei aktuelle rovviltnemndene skulle gje ei meir utfyllande grunngjeving i samband med behandlinga av årets kvoter for lisensfelling av ulv innanfor ulvesona. Nemndene valde ikkje å etterfølgje denne oppmodinga.

Departementet gjennomfører opplæring av nemndene og har jamlege styringsmøter med nemndene. Eg vurderer også å følgje opp med ein eigen instruks om dette overfor nemndene.

Forslag 7


"Stortinget ber regjeringen gjennomføre GPS-merking av hele den norske ulvebestanden. Informasjonen gjøres tilgjengelig når skadefellingsvedtak er fattet."

Dette forslaget meiner eg vil innebere mange utfordringar av både etisk, praktisk, økonomisk og juridisk art.

Forslaget vil ikkje vere praktisk mogleg å gjennomføre. Nye ulvar blir født kvart år, ulvar vandrar på tvers av landegrensene, vandringane skjer i stor grad om sumaren og radiomerking avheng av gode snø- og sporingsforhold, for å nemne nokre av utfordringane.

At dei økonomiske rammene vil måtte auke betrakteleg seier seg sjølv. Eg meiner dette forslaget vil innebere ein ressursbruk som ikkje kan forsvarast.

Med helsing

A handwritten signature in blue ink, appearing to read "Sveinung Rotevatn".

Sveinung Rotevatn